

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.04.2024

Vår ref.: 202406240-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Detaljplan for miljø og landskap for nødbu ved Holmavatnet i Sima reguleringsområde, Eidfjord kommune

I brev datert 2.4.2024 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Statkraft Energi AS, for ny nødbu ved Holmavatnet i Sima reguleringsområde i Eidfjord kommune, Vestland fylke. Vi sender med dette detaljplanen på høyring, og vi ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 1.5.2024.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til utbygging av Eidfjord Nord kraftanlegg vart gitt ved Kongelig resolusjon 18.5.1973. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølv konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar detaljar for det omsøkte tiltaket med omsyn til eksempelvis arealbruk, arkitektonisk utforming, transport m.v. NVE fører tilsyn med anlegg som har konsesjon etter vassdragslovgjevinga, og følgjer til vanleg opp anlegg som er under bygging. Med heimel i post 13 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Omsøkt tiltak omfattar eit hjelpeanlegg knytt til eit anlegg som vart etablert for fleire tiår sidan, og vi sender plan for landskap og miljø på avgrensa høyring for å fange opp eventuelle endringar i kunnskapsgrunnlaget, og for å fange opp om det er særlege omsyn som konsesjonæren må rette seg etter.

Detaljplanen er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/371/V.

Vi ber høyringspartane om å uttale seg om relevante tema innafor dykkar forvaltningsområde og behov for særskilde løyve eller dispensasjon innafor forvaltningsområda dykkar.



Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med alle som har rettar i området, og for å innhente eventuelle andre naudsynte løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for høyring er 1.5.2024

Send fråsegna til uttalelse@nve.no, og merk henne med «Fråsegn» og saksnummer 202406240 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert fråsegner, eller deler av fråsegner, referert i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Ole Per Schei
Senioringeniør

Godkjent av Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Hardangervidda villreinutval - v/ Svein Erik Lund
EIDFJORD KOMMUNE
Mattilsynet Region Sør og Vest
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Kopimottakarliste:

Hardangervidda villreinutval - v/ Svein Erik Lund

MILJØDIREKTORATET

Statkraft Energi AS, Eidfjord